

**Oktober 2021-14**

## **No er det tid for å søkja om produksjonstilskot og avløyartilskot**

**Teljedato for husdyrproduksjonar var 1. oktober**

**Søknadsfristen er 15. oktober**

**Søkjar kan retta innsendt søknad fram til 29. oktober**

### **OBS!**

Når ein logger inn for å søkja produksjonstilskot og regionalt miljøtilskot må ein velja kva for eit foretak som skal søkja. I denne lista er det kome inn eit nytt organisasjonsnummer, som ikkje har noko med søknadane å gjera. Dette gjer at fleire vert usikre. **Vær derfor ekstra merksam, slik at du velger det rette organisasjonsnummeret når du logger inn i søknadane.**

Som søkjar er du ansvarleg for at søknaden er fullstendig utfylt og med rette opplysningar. Me ber deg derfor gå nøye gjennom søknaden, og ikkje berre bruka tala frå i fjor utan å sjekka om desse er rette.

### **Areal:**

Sjå gjennom gardskarta på dei eigedomane du brukar jord, og søk på det arealet som du brukar. (Er i aktiv drift). Meld frå om du finn feil i gardskarta, slik at vi får retta kartet.

Areal som har vore ute av drift heile sesongen og du ikkje har hausta noko avling av, skal førast i kode 292/293 – **areal ute av drift**. Dette gjeld typisk for areal som er under nydyrking eller grøfting, eller areal som er for blaute til å drivast.

I arealgruppa «Korn og anna frø til modning», er det berre areal som er blitt hausta med skurtreskjar som skal førast opp. **Kornet må skiljast frå akset** for at ein skal få arealtilskot til korn. Heilsæd og anna areal med korn som vert hausta med anna utstyr enn skurtreskjar skal førast opp i kode 213 – andre grovfôrvekstar.

### **Beitetilskot:**

Vanleg beitetilskot:

Før opp berre dei dyra som har gått **minst 16 veker** på beite **og** der minst halvparten av grovfôret er beitegras. Dyr som ikkje oppfyller begge desse vilkåra skal ikkje førast opp. Ver obs på dyr som vert slakta før dei har gått 16 veker på beite og kalvar født om sommaren. Desse dyra har ikkje oppfylt kravet til beitetid.

Utmarksbeite:

Før opp dyra som har gått **minst 5 veker** på utmarksbeite **og** der minst halvparten av grovfôret er beitegras frå utmark. Utmarksbeite er ugjødsla og ukultivert beite, for eksempel

heiebeite for sau. Sjekk gardskartet på eigedomen dyra går på viss du er usikker på om beitet er utmarksbeite eller innmarksbeite.

Dyr som oppfyller kravet til begge beitetilskota kan først opp begge plassar i søknadsskjema.

### **Dyreteljning:**

Vær nøye med å telje dyra 1. oktober. Ein bør ikkje berre bruke husdyrlistene/husdyrregisteret. Hugs at mjølkekyr og ammekyr må ha kalva i løpet av dei siste 15 månadene for at dei kan først opp som kyr. Kyr som ikkje har kalva etter 1. juli 2020 skal først som øvrige storfe.

For slakteproduksjon på fjørfe og svin er det viktig at du set kryss for at opplysningar kan hentast frå slakteria sine rapportar. Elles får ein ikkje grunnlag for avløysing og tilskot på slakteproduksjonen.

### **Avløysing:**

I søknaden må du krysse av for om du ynskjer søkje tilskot til avløysing ved ferie og fritid. Før opp utgifter du har hatt fram til søknadsfristen 15. oktober. Har du ikkje hatt nok utgifter til å få maks utrekna refusjon, kan du etterregistrere utgifter fram til 10. januar 2022. Skriv 0 dersom du ikkje har hatt utgifter enno, men reknar med å bruka ordninga i haust.

**Du kan bruka denne linken for å søkje. Der ligg og rettleiing og rundskriv som er aktuelle**  
[Aktuell søknadsomgang - Landbruksdirektoratet](#)

Bruk kommentarfeltet i søknadsskjema for å skriva meldingar til oss om ting i søknaden du er usikker på. Skriv også opp kor dyra har gått på utmarksbeite. Dette vil vera til hjelp når vi skal handsama søknaden din.

Ring oss om du står fast eller får feilmeldingar du ikkje finn ut av.

**VÆR UTE I GOD TID**

## **Tilrettelegge areal for vipper 2022**

Har du tankar om å setja av et stykke pløyd eller harva jord for vipa i 2022, er det tida for å melda ifrå til kommunen om dette alt nå. Send oss en mail eller ring til Else Brit. **Fristen er 15. oktober 2021.**

Du kan få tilskot til dette gjennom regionalt miljøtilskot. Melder du interesse er det ikkje forpliktande. Arealet må være minst 2 dekar og det vert gitt tilskot opp til 20 dekar. Tilskotet har ein førebels sats på 800 kr/daa.

Avsett areal må være:

- Jordarbeida må være gjort før 20. mars.
- Må ligge urørt fram til 1. juni.
- Ligge inntil ope areal, slik som beite, myr og fastmark, som ikkje er tresatt.
- Arealet må i utgangspunktet være attraktivt for hekking av vipe.

